



LEGG NED MYKJE ARBEID: F.v. Olav Skjellevik, Kaare Malkenes, Mikal Heldal og Jan Økland er alle sterkt engasjerte i sogelagsarbeidet på Tysnes.

Solid tradisjon for sogesoddet

Søndag kunne eit 50-tals sogelagsmedlemmar og andre sessa seg ved bordet til god kjøtstuppe og nydeleg dessert, då det femtande sogesoddet gjekk av stabelen i Tysnes bedehus.

Sogesoddet har såleis vorte ein solid forankra førjulstradisjon, der årets utgåve av Sogeskrift for Tysnes vart presentert.

– Det er akkurat passe stort oppmøte kvart einaste år, korleis det no kan ha seg, sa Mikal Heldal, som saman med Olav Skjellevik har vore redaktør for årets hefte, som også omfattar ein flott kalender med gamle bilete frå dei ymse bygdelaga.

Møtet vart leia av formann i sogelaget, Jan Økland, som presenterte programmet for samkoma. Deretter las Nils Magne Singelstad sjølvvalde dikt av lokale diktarar.

Stort engasjement for kulturminne

Som kvart år vart sogesoddet innleia med eit foredrag. I år var det Kaare Malkenes som fortalde om det omfattande arbeidet som er gjort med registrering av kulturminne. Det er ei oppgåve som Tysnes sogelag har teke på seg, i samarbeid med bygdelaga.

Kaare Malkenes har leia dette store arbeidet, etter å ha blitt kursa i regi av

Riksantikvaren med omsyn til dei praktiske sidene ved registreringa. Han streka under kor viktig det er med innspel frå bygdefolket.

– Det er alfa og omega at folk sjølve står opp om dette prosjektet, sa han. Mellom anna har han såleis arrangert orienteringsmøte både på biblioteket og på Mandelhuset, der han møtte eit stort engasjement frå bygdefolket. I tillegg har han reist kringom i kommunen og teke bilete, som saman med registreringane er gjort tilgjengelege for publikum på nettstaden www.kulturminnesok.no

Målet er å setja ein sluttstrek for prosjektet til våren 2018.

– Me burde vera flinkare til å framheva kulturminna våre, gjerne i samband med gode naturopplevingar, avslutta han.

Foredraget vekte stort engasjement hos tilhøyrarane. Fleire ba om ordet til kommentarar etterpå.

Oppfordra til å senda inn bilete

Under desserten orienterte Mikal Heldal og Olav Skjellevik om aktuelle tema for sogeskriftet neste år, og oppfordra alle til å senda inn gamle bilete til sogelagskalendaren.

Også i denne utgåva av sogeskriftet er det ei lett blanding av forskjellige emne. I år kan

ein mellom anna lesa om livet på Heggland på 1800-talet og minne frå gamle dagar, om ei stygg ulukke for 70 år sidan, om jakta Anna Marie som gjekk 120 år i fraktesfart, og om spritsmugling i Flakkavågen under forbodstida. Noko for einkvar smak, med andre ord.

Som vanleg vanka det blommar til slutt, til foredrags-haldaren Kaare Malkenes og kokken Hanne Malkenes, og ei spesiell blommesending til Lars Mevatne, som ikkje sjølv var til stades – som ein takk for ei lang rekkje gode idear og innspel gjennom mange år.

AV KNUT RAGE



Frå vått til kaldt

Den siste veka har temperaturen bikka over til minusgrader, men delar av førre veke var det meir vått enn kaldt.

– På Beltestad hadde vatnet gått over vegen. Slik var det også eit par andre plassar utover mot Reksteren, fortalde bussjåfør Lars Petter Epland, sist torsdag føremiddag.

Han køyrde skulebuss på Reksteren torsdag morgon sist veke. Då «Tysnes» var på Beltestad på føremiddagen same dag, var situasjonen den same.

– Det var ei våt oppleving å køyra skulebussen. Dammane kjem brått på, og dei er vanskeleg å sjå fordi vegen er svart. Ein må passa på å bremsa opp,

og ikkje køyra rett gjennom dei, sa han.

Vêrvarslinga på Vestlandet stadfesta også at det hadde regna mykje det siste døgret. Frå kl. 07.00 onsdag sist veke til same tid på torsdag, hadde det regna 28,4 millimeter i Bergen, 34 millimeter i Rosendal og 32 millimeter i Austevoll.